

# VEDTEKTER FOR Odda/Ullensvang turlag (Vedtatt 28.01.2026)

## § 1 FORMÅL OG ORGANISASJON

### § 1.1 Formål

Odda/Ullensvang turlag er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag. Odda/Ullensvang turlag skal arbeide for eit enkelt, aktivt, sikkert, allsidig og naturvennleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

### § 1.2 Organisasjon

Odda/Ullensvang turlag er ein integrert del av Bergen og Hordaland Turlag. Verksemda i Odda/Ullensvang turlag skal skje i samsvar med Bergen og Hordaland Turlag sine vedtekter. Aktivitetane skal til ein kvar tid skje innanfor rammene av Bergen og Hordaland Turlag sine føringar, og vere i samsvar med retningslinjer/samarbeidsavtale inngått mellom partane.

Odda/Ullensvang turlag blir representert i DNT gjennom Bergen og Hordaland Turlag.

### § 1.3 Medlemskap

Medlemskap i Odda/Ullensvang turlag er ope for alle enkeltpersonar som ynskjer å bli medlem. Medlemmer av Bergen og Hordaland Turlag er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer eller medlemmen blir sletta på grunn av manglande innbetaling av kontingent.

Alle medlemmer i Bergen og Hordaland Turlag er også automatisk medlem i Odda/Ullensvang turlag dersom dei bur i Odda/Ullensvang turlag sitt medlemsområde, og ikkje reserverer seg mot medlemskap. Medlemmer av Bergen og Hordaland Turlag som er busett utanfor medlemsområdet, kan bli medlem om dei ynskjer det.

Medlemmene har forslags- og stemmerett på årsmøtet og kan veljast til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Alle medlemmer er medlem av DNT og har medlemsrettar ved besøk på alle hyttene til medlemsforeiningane og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

Medlemskontingenten blir fastsett av Bergen og Hordaland Turlag. Medlemskontingenten blir fordelt mellom Odda/Ullensvang turlag, Bergen og Hordaland Turlag og DNT sentralt etter ein fastsett fordelingsnøkkel.

## § 2 ÅRSMØTET

### § 2.1 Høgste myndigheit

Årsmøtet er det øvste organet i Odda/Ullensvang turlag.

### § 2.2 Deltaking og stemmerett

Ingen har meir enn ei stemme. Vedtak vert fatta ved stemmefleirtal.

Alle medlemmer frå 15 år og eldre har stemmerett.

For medlemmer som ikkje har kan stille på årsmøte/ekstraordinært årsmøte, er det mogleg å gje stemmeretten til ein annan medlem som er til stades på årsmøte. Dette gjeld for saker under punkt f) under oppgåver for årsmøtet, og på ekstraordinært årsmøte. Dette må i så fall gjerast skriftleg, og skriftleg løyve må takast med på årsmøtet. Eit medlem kan maksimalt representera 3 andre medlemmer.

### § 2.3 Innkalling og fristar

Ordinært årsmøte skal haldast innan 20. februar kvart år. Innkallinga skal gjerast offentleg på nettsida til lokallaget seinast 2 veker før årsmøtet. Saker som skal opp på årsmøtet må vere styret i hende seinast innan utgangen av desember månad. Berre saker som er nemnt i innkallinga kan behandlast på årsmøtet.

Innkallinga skal innehalde tid, stad, saksliste og andre opplysningar om møtet.

Styret skal gjere tilgjengeleg fullstendig saksliste og andre nødvendige saksdokument med forslag og innstilling frå valkomiteen seinast 2 veker før årsmøtet.

### §2.4 Oppgåver årsmøtet

Årsmøtet skal behandle:

- a. Val av dirigent, protokollfører og to representantar til å underteikne protokollen
- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av sakslista
- d. Godkjenning av årsmelding
- e. Revidert rekneskap
- f. Andre saker i samsvar med saksdokumenta
- g. Val av leiar av styret for 1 år og medlemmer til styret for 2 år
- h. Val av leiar av valkomiteen for 1 år og medlemmer til valkomiteen for 2 år

### § 2.5 Ekstraordinært årsmøte

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte med minst 2 vekers varsel etter:

- a. Vedtak av årsmøtet
- b. Vedtak av styret i Odda/Ullensvang turlag eller av styret i Bergen og Hordaland Turlag
- c. Krav frå minst 5%, men minimum 20, medlemmer med stemmerett

Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle dei saker som er gitt i vedtaket eller kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.

Innkallinga skal gjerast offentleg på nettsida til lokallaget seinast 2 veker før møtet. Innkallinga skal innehalde tid, stad og saksdokument med forslag til vedtak.

Ekstraordinært årsmøte skal behandle:

- a. Val av dirigent, protokollfører og to representantar til å underteikne protokollen

- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av sakslista
- d. Sak i samsvar med saksdokumenta

## **§ 3 STYRET**

### **§ 3.1 Styrets myndigheit og oppgåver**

Odda/Ullensvang turlag vert leia av eit styre med leiar og inntil 7 styremedlemmar. Styremøtet vert kalla inn av leiar i styret. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene i styret er til stades. Ved likt stemmetal, er leiaren si stemme avgjerande.

Styret si oppgåve er å leie Odda/Ullensvang turlag i samsvar med vedtektene og føringar frå Bergen og Hordaland Turlag. Styret er forplikta av retningslinjer/samarbeidsavtale og andre vedtak styret i Bergen og Hordaland Turlag har fatta.

### **§ 3.2 Samansetning og val av styret**

Leiar av styret vert valt for 1 år av gangen, og styremedlemmer for 2 år av gangen, slik at det alltid er eit eller fleire styremedlemmer som ikkje er på val. Maksimal funksjonstid som leiar eller medlem av styret er 8 samanhengande år. Ingen kan samanhengande ha slike verv i meir enn 8 år. Viss ein styremedlem trer ut utanfor tur, skal nytt styremedlem veljast for denne berre for den tida som står att av styremedlemmen sin valperiode.

### **§ 3.3 Styrets arbeid**

Styret vert kalla inn av leiaren når det er behovet for det, eller når minst 2 av medlemmene i styret krev det. Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av medlemmene deltek. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme avgjerande.

### **§ 3.4 Signatur**

Odda/Ullensvang turlag er forplikta ved underskrift av leiar og to andre styremedlemmer i fellesskap.

## **§ 4 VALKOMITEEN**

### **§ 4.1 Samansetning og val av valkomiteen**

Odda/Ullensvang turlag skal ha en valkomité på 3 medlemmer. Medlemmene skal veljast av årsmøtet for 2 år om gangen etter innstilling frå styret. Dei kan veljast inntil ei maksimal funksjonstid på 6 år.

### **§ 4.2 Valkomiteens myndigheit og oppgåver**

Valkomiteen skal innstille til val av styret.

## **§ 5 INHABILITET**

Ein medlem av styret eller andre tillitsvalte i lokallaget kan ikkje vere med på å behandle eller avgjere spørsmål der vedkommande eller denne sine nære kan reknast å ha ei klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjersle av om nokon er nære etter denne regelen, gjeld regler tilsvarende aksjelova.

## **§ 6 BROT PÅ DNT SITT REGELVERK**

Medlemmer i Odda/Ullensvang turlag som gjer seg skuldig i grove brot mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedteke av DNT sine organ, kan illeggast ei irettesetjing, tap av retten til tillitsverv eller tap av retten til medlemskap i foreininga. Styret kan behandle slike saker. Ein medlem som er ilagt sanksjonar som nemnt, kan leggje saka fram for landsstyret eller domsutvalet til endeleg avgjersle i følge DNT sine vedtekter § 12.2.

### **§ 7 OPPLØYSNING**

Odda/Ullensvang turlag kan oppløysast med minst 3/4 fleirtal på 2 etterfølgjande ordinære årsmøte. Dersom Odda/Ullensvang turlag vert oppløyst, skal Odda/Ullensvang turlag sine midlar overførast til Bergen og Hordaland Turlag.

### **§ 8 VEDTEKSENDNINGER**

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtektsendingar skal vere oppført på sakslita og krev minst 2/3 fleirtal av stemmene. Forslag på vedtektsendingar må først ha vore til fråsegn i styret i Bergen og Hordaland Turlag. Forslag på vedtektsendingar må vere styret i hende innan 8 veker før ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte.